

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Løten

Emne: Ting til lekjedom -

Bygdelag:

Oppskr. av: Aksel Andersson

Gard:

(adresse): Adalsbruk

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Ringar.

1. 4. Folk har nok brukt finger-ringar til vern mot sjukdomar og, sejer Oline Bakke, 80 år, fødd i Fåberg, oppvaksin i Romedal, men levde mykje av si tid i Løten. Men sjølv har ho ikkje høvt nokon slik ring, og kan heller ikkje nemna namn på andre som har gått med slike ringar. Ho trur at farbror eller sigøynarar hadde dei til salo i si tid.

5. For sin part er det berre opne kopar-ringar til å ha på eit bein eller ein arm som ho kjemmer til.

Det hadde seg so at for um lag 20 år sidan var ho so plagd av gikt at ho laut gå med kjeppar. Mannen hennar kom då til å tala ved ein svenske som rådde til å freista opne kopar-ringar på arm og fot, ein ring på vinstre arm og ein annan ring på høgre fot, eller umvendt. Ein vanleg, litt grov kopartråd vart skeffa til vegar, vart «lenna» so han leik kunne byggjast etter

leinen. Ringane gjorde stor munn so å segja med ein gang. Oline tok dei då av seg ein dag ho skulle vaska på Engelay. Men verken meldt seg att like gale, so ho laut skunda seg å få på ringane. Ho trur difor på dei, endå ho helst flirde fyrste gongen dei var på tale. Sidan har ho gått med dei, til for eit år sidan. Ho er no på Låten gamleheim, og er ikkje plaga av gift ettersom ho vart verande inne mest stött. I si arbeidstid dreiv ho mest på gardane, både i onnearbeid og husarbeid, ofte av tyngste slag.

Når ho bær ringane, kjend ho gjerne ei stikking eller prikking mot huden frå dei som endane ligg innvil.

### B. Armbånd.

6-8. Upplysningar um slike er ikkje komne fram.

### C. Hengjesmykke.

B.

9. Emilie Kagen, kokkekone i Låten, i 60-årsalderen fortel um Olave Karud, ei gamal ugift dame som døde for nokre år sidan, at ho stött gjekk med ei smykke kring halsen. Um det var for gift eller ikkje, skal vera usagt, og heller ikkje er det spurt um det høyrde til noko slag plator.

[Av eit anna slag var dei snorene som vart hengde på småborn mot "engelsk sjuki". Det var noko papir (med trylleformel) fest til snora. Er kjent frå Ringsaker. Nedskrivaren hugsar ei Ane Kjos som dreiv med slik "gjåling".]

A.

<sup>\*)</sup> Fekk seinare Olave Thingstad, Engelay, og Berte Jensen  
at å bruke same slaget.

D. Belte.

10-12.

Jernbanefullmektig Einar Minken, mil-  
lon 50 og 60 år, syner fram eit elektrisk  
belte som han kjøpte i sine unge dagar  
omot Lumbago. Det har 6 par kopar og  
sinkplater med filtlag imellom på den  
eine halvparten og like mange på den  
andre. Desse elementa er dekte med  
hjelp av eit gummiert lereftband, og  
svo blanke knappar stikk ut gjennom  
bandet og lagar kontakt med kroppen.  
E.M. hugsar ikkje anten han gav 36 kr  
eller 56 kr for beltet; men det står "Vita-  
belte" på det, og han hugsar det kom  
mange av deim til Adalbruk i 1920-åra.  
Ljølø har han ikkje tykt at det var til  
nokor hjelp. - Basterist la han i tjukk  
mjølk, i staden for eddik.

Um ein skomakar Petur Vestheim heiter  
det at han hadde eit belte som gjorde at  
han vart brend i huden når han bruka  
det.

13. Um andre ting - som armband eller  
hengjesmykke - kravde eddik, dei òg  
er ukjent.

E. Øjreringer.

14. Ingen kan fortelja at dei har set  
kavar gå med øjreringer, ikkje ein-  
gong tabrar eller sigøynarar, sejiu  
dei!

15-19. Fyll burt.

F. Ymisk.

20. Ein løtensokning har fortalt ned-

B.

B

stadværen um ein kjend bonde i bygda som gjekk med kastanje-netur i lumma til hjelp mot gikt. A nytta prokator til same fyremål skal heller ikkje vera ukjent.

21. Ein "stein-dokke" hadde mange pasientar i si tid (for 20-30 år sidan?) frå Låten og andre heidmarksbygder. Han høyrde heime lenge sør i landet; men steinene som han nytta til dei sjuke, var visst ikkje amulettar som dei skulle bera på seg.

22. Noko samnamn på desse tingar er ikkje spurt.